

Byggmester Romarheim AS  
Kolåsvegen 122A  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/11365 - 20/47346

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
[anne.lise.molvik@alver.kommune.no](mailto:anne.lise.molvik@alver.kommune.no)

Dato:  
13.08.2020

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 155/51 Monstad (Vollom)**

**Tiltak:** Garasje  
**Byggjestad:** Gbnr: 155/51  
**Tiltakshavar:** Miriam og Jarle Monstad  
**Ansvarleg søker:** Byggmester Romarheim AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 10.06.2020. Vi beklagar sein tilbakemelding.

### **Mottakskontroll**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Dette gjeld følgjande forhold:

### **Tiltaket er ikkje i samsvar med gitt dispensasjon**

Omsøkt tiltak er ikkje i samsvar med den gjevne dispensasjonen for oppføring av garasje som vart gitt i Plan- og miljøutvalet i møte den 13.06.2020. Omsøkte tiltak gjeld bygg med garasje i første etasje og ny bueining i andre etasje, medan det vart gitt dispensasjon for etablering av bygg med garasje i første etasje og rom for varig personopphold i andre etasje gitt ved soverom, bad, treningsrom og bod.

Tiltaket må endrast i tråd med gitt dispensasjon, eller så må det søkjast om ny dispensasjon.

Slik tiltaket framstår som eiga bueining vil tiltaket medføra at det vert sett nye krav til vassforsyning, at det må liggja føre utsleppsløyve, og at det vert søkt om utvida avkøringsløyve til offentleg veg.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **30.09.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningsane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin

mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innSENDING av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Jarle Monstad	Lurevegen 574	5912	SEIM
Miriam Monstad	Lurevegen 574	5912	SEIM

**Mottakarar:**

Byggmester Romarheim AS	Kolåsvegen 122A	5955	LINDÅS
-------------------------	-----------------	------	--------